



Julahelsing

Den fine og koselege ventetida er her, og så kjem jula, raud og fin. Denne hausten har vore full av aktivitet, og me i distriktsstyret ser at det har vore god aktivitet i lokallaga. De kan alle klappa dykk fornøgde på skuldera for den gode og viktige jobben de gjer. Gratulerer til alle med verv i lokallagsstyra, og lykke til med det viktige arbeidet de gjer, og tusen takk for arbeidet de har lagt ned i året som har godt, samt tusen takk til deg som har gått ut av styret.

I midten av november hadde me lokallagssamling, saman med Aust- og Vest-Agder bygdekvinnelag. Me døypte helga om til Motivasjonssamling, og jammen blei det ikkje berre motivasjonsinnsprøyting, det blei og sosialt og lærerikt med eit bra program, lått og løye, med hyggelege gjensyn og nye bekjentskap. I etterkant av helga har me berre fått gode tilbakemeldingar, kor me lett ser potensialet i å gjere dette igjen, alle tre distriktslaga.

Like viktig som alltid, er det å verve nye medlemer. Auka skjer sakte men sikkert, etter pandemien. Me ser, at til meir aktivitet det er i lokallaga, til lettare er det å få nye medlemer. Fortset slik, vis dykk fram, fortel om det de gjer, og bruk media til det de er gode for. Det viser att, til glede for andre.

Årsmøtet skal vere 24.-25.mars på Bryne. Set gjerne av datoen nå. Vertslag er Nærbø og Varhaug Bygdekvinnelag. Valnemnda har starta sitt arbeid i denne anledning, og skulle du få ei oppringing med spørsmål om å ta på deg verv i distriktsstyret, oppmodar me deg til å svara «ja».

Spanande og kjekke oppgaver å ta del i, samt det gir godt samhold med å drøfte fram og gjere noko i lag. Det er ei god oppleving å ta med seg vidare. Våg å ta utfordringa!

Rogaland Bygdekvinnelag vil med dette få ynskje alle ei fortsatt fin adventstid, med dei førebuingane det tek med seg. Ta vare på deg sjølv og andre. Strekk gjerne ut ei hand der det trengs. Og når julefreden senker seg, så ynskjer me at de vil få ei roleg og god jul.

Med beste helsing oss i styret:
Solveig Marie, Gro Mabel, Margrethe,
Aslaug, Inga Lill, Alice og Marianne

